

Oversikt over profeten Esekiel og hans budskap

Roald Kvam © 2008

1. *Bakgrunn.*

- Esekiel er prest (Esek 1, 3). Men får aldri fungere ved templet i Jerusalem i full teneste. Då han er gamal nok, er han nemleg i Babylon ved elva Kebar.
- Var med i den gruppa som vart bortført til Babylon i 597, då Nebukadnesar straffa Jojakims opprør ved å ta leiarskapet åt folket i fangenskap og innsatte Sidkia som vasallkonge i Jerusalem.

2. *Kall.*

- Esek 1, 1-2. Han vart kalla til profet fem år etter bortføringa, då han var tretti år gamal og skulle på rett ha byrja som prest ved templet, altså i 592.

3. *Tid.*

- Frå 592-570.

4. *Stad.*

- Dei bortførte i Babylon.

5. *Situasjon.*

- Dei bortførte i Babylon er ikkje vanlege "fangar". Dei får jord å slå seg ned på og kan dyrka denne, byggja og handla. Det er ei sterk forventning mellom dei om ein snarleg tilbakevending – Herren må vel gripa inn... Dei har stadig kontakt med dei som er i Juda og Jerusalem.
- Når Jerusalem fell i 586 og den andre store deportasjonen kjem, skapar det fortvilelse for dei som er i eksil. No forstår dei at vona om snarleg tilbakevending er forbi og mange kjem i djup depresjon – Gud har gløymt dei og dei har inga framtid.

6. *Bodskapen.*

a) *Der og då.*

- Esekiel si teneste er todelt: Før og etter øydelegginga av Jerusalem. Så lenge Jerusalem står, må han forkynna Guds dom over det forherda folket og tala mot dei lyse forhåpningane hjå dei bortførte. Han er då domsprofet som Jeremia og avslører synda åt Juda og Jerusalem. Etter 586 får han ein ny bodskap. No skal han ikkje lenger forkynna dom, men Herrens trøyst til dei mismodige. Han skal syna dei at domen kom på grunn av synda deira, men også at Gud miskunnar seg og byrjar forfra med Israel.
- Det er tydeleg av Esekiel er prest: Forkynninga hans er konsentrert om synda åt Israel på det kultiske området. Dei har vanhelga Herrens tempel og dyrka avgudar der. Når han forkynner frelse, samlar forkynninga hans seg i eit veldig syn av eit nytt tempel og eit land reinsa for all ureinskap.
- Esekiels forkynning er sterkt prega av symbolske bileter og syner, på mange måtar er han ein forløpar for dei mektige visjonane i Johannes Openberring. Talane åt Esekiel er i sterk grad knytta til teiknhandlingar og hans verksemd har ekstatisk grep. Han talar stadig om Herrens Ande.
- Dersom Jeremia er lidingsprofeten, påskeprofeten, er Esekiel pinseprofeten.

b) Her og nå.

- Avsløring av synd.
- Frelse som Guds suverene nyskaping med nye hjarto og ei ny Ånd.

7. Boka.

1-24: Domsord mot Juda og Jerusalem.

25-32: Domsord mot framandefolk.

33-48: Frelsesprofetiar.

